


Skjemainformasjon

Skjema	Søknadskjema ABM-utvikling (nynorsk)
Referanse	398486
Innsendt	16.10.2010 00:01:18

Opplysningar om søker

Søklar	
Namn på organisasjonen	Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
Leiar for institusjonen	Karianne Schmidt Vindenes
Postadresse	Askedalen 2
Postnummer / Poststad	6863 Leikanger
Tlf. til organisasjonen	57656400
Kontaktperson for prosjektet	Øystein Åsnes
Tlf. til kontaktperson	57656404
E-post til kontaktperson	oystein.asnes@sfj.no
Nettstad	http://www.fylkesarkiv.no
Org. Nr	

Opplysningar om prosjektet

Prosjekt	
Søknaden gjeld	Formidling og dialog
 Prosjekt og prosessar som inkluderer digital og annan nyskapande formidling, brukarmedverknad og publikumsundersøkingar	

Tittel på prosjektet	Semantisk samhandling i kulturformidlinga
----------------------	---

Samandrag av prosjektet

Prosjektet vil vi visa korleis informasjon om foto og musikk frå ulike ABM-institusjonar kan integrerast og gjenbrukast ved hjelp av semantisk teknologi. Vi vil etablere eit utval av URI-register og vise praktisk bruk av RDF og OWL (W3C-standardar) på data frå ABM sektoren i tillegg til kopling av distribuerte datakjelder (Linked Open Data/LOD). Prototypisk demonstrasjon av funksjonalitet i en applikasjon hos Popsenteret der fordelane med semantisk teknologi skal vistast tydelig fram.

Prosjektomtale

ABM-sektoren må sjå på nye og framtidsretta metodar, standardar og tekniske løysingar som kan bidra til at sektoren vil lukkast med målsetjingane som er fremja i St.mld. 23 (bibliotek) og 24 (kulturarv). På nasjonalt nivå blir det arbeida med etablering av ulike autoritetsregister, medan publiseringsspørsmålet av desse registera er delvis uklart.

Prosjektet vil visa i praksis prinsippa bak ein relativt mogen standard frå W3C (RDF/OWL) som er retta mot publisering av informasjon og metadata på nettet, i tillegg til å visa eit internasjonalt initiativ for kopling av distribuerte datakjelder (Linked Open Data/LOD). Linked Open Data har fått mykje merksemd og kraft i det siste gjennom eit sterkt søkjelys på tilgjengeleggjering av opne, offentlege data (m.a. Library of Congress, data.gov, data.gov.uk og vårt eige data.norge.no).

Eit av dei viktigaste premissa for at Drupal vart valt som ny plattform for dei regionale kulturnetta var god støtte for semantisk kopling av informasjon. Dette opnar ei rekkje muligheter og representerer eit teknologisprang som det er naturleg at også ABM-utvikling sitt eige emnekart vert ein del av på sikt. Formålet med prosjektet "Semantisk samhandling i kulturformidlinga" er å etablere byggesteinar som denne semantiske

teknologien er heilt avhengig av, og å vise teknologien i bruk.

Kva skal prosjektet gjera?

Hovudmål: Semantisk samhandling i kulturarven relatert til foto og musikk.

Hovudmålet skal nåast gjennom realiseringa av tre delmål:

1) Innsamling av erfaringar med politisk, strategiske og tekniske prosessar og løysingar for ein framtidsretta digital kulturarv på Internett.

Det er nødvendig med sterk støtte frå høgste hald for å få gjennomført slike prosjekt. Mykje energi går dessverre tapt fordi ein manglar konkrete nasjonale eksempel, sjølv om internasjonale referanseprosjekt har vore tilgjengelege ei stund. Det er behov for ei systematisering av desse erfaringane og tilrådingane i digitaliseringsprosjekt.

Erfaringane frå prosjektet vil også bli formidla i form av beste praksis og konkrete, praktiske tilrådingar. Viktige spørsmål som vil bli drøfta i lys av prosjektresultatet er korleis eit autoritetsregister bør plasserast og forvaltast.

Prosjektresultat delmål 1: Videocast med tilhøyrande lysark/mediaressursar. Både videocast og presentasjon skal vera open tilgjengeleg og muleg å referera til (URI)

2) Etablering og publikasjon av opne URI -register der kvar URI representerer eit « digitalt objekt/entitet»

Objekta (fotograf, fotografi, musikkarrangement) blir publiserte ope på nettet til allmenn nytte og dermed tilrettelegging for beskrivelse av metadata og deling av digitale ressursar mellom maskinar og applikasjonar. URI -registra kan returnera eit minimalt sett av metadata når ei adresse (URI) blir adressert, men dette er ikkje eit strengt krav. Det kan samanliknast med å slå opp i telefonkatalogen.no og vanlegvis få returnert eit telefonnummer (men ofte også meir informasjon som adresse m.m.).

Prosjektresultat delmål 2: URI -register som er publisert og ope tilgjengeleg. Som eit minimum vil Norsk fotografregister bli publisert, evt. også biletbaser og stadsbase på utestader i Oslo.

3) Publisering av nokre viktige, gjenbrukbare datakjelder frå ABM-sektoren (metadata). Dette inneber konvertering og publikasjon av relasjonar og instansdata relatert til URI -ane

Popsenteret eig ein driftsdatabase om norsk populærmusikk. I denne basen ligg informasjonen i RDF/OWL-format. Denne løysinga inneheld metadata om artistar, grupper, stader, organisasjonar, bilete, musikk, plakatar, konsertar osv. Basen inneheld også bilete og samarbeid med Byarkivet på dette feltet er ønskjeleg (informasjonsutveksling, kompetansedeling osv).

Preus Museum og Nasjonalbiblioteket er datavert for ein stor fotografbase (fotografar, referansar, bibliografiar osv) som prosjektet har tilgang til. Denne basen representerer eit vesentleg løft dersom den blir tilgjengeleg.

I prosjektet skal Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Oslo byarkiv annotere data tilsvarande minimum 30 000 bilder pr partner opp mot ein RDF-versjon av dette registeret. Popsenteret bidrar med en RDF versjon av en base som beskriver Norsk populærmusikk og som inneholder artister, steder, organisasjoner, utesteder (Oslo), bilder, film, album, spor, hendelser (festivaler osv) og generell objekter relatert til populærmusikkens verden.

Vi ynskjer også å gå i dialog med ABM-utvikling i løpet av prosjektet og diskutere ei samordning med registeret over norske kunstnarar (Norsk kunstarleksikon). Felles URI -register er viktig for disse basane for å vise sitt fulle potensiale. Til sjuande og sist er Underskog (konsertinformasjon frå ein informert sosial plattform med felles interesse i musikk) med som underleverandør i prosjektet.

Prosjektresultat delmål 3: Kulturnett Sogn og Fjordane skal utvidast og konverterast

for å bruka semantisk teknologi (vha. DRUPAL og RDF). Popsenteret, Underskog, Byarkivet (og KulturlIT) skal utvikla publikumsfunksjonar for bruk både i eigne og eksterne applikasjonar.

Kvifor er det viktig at prosjektet blir gjennomført?

Digitalisering av kulturarv har ein viktig plass i ABM-sektoren. Digitalisering betyr både ei « sikring » av kulturarven i tillegg til at det tillet ei enklare, billigare og breiare formidling av kunnskap om kulturarven.

Hjørnesteinen i dette arbeidet er varige (persistente) URI -ar. Desse kan vera svært enkle. Den viktigaste faktoren er at URI -ane er garantert å eksistera i lang tid (minst 25 år). Sjølv om ein URI representerer ein entitet (person, stad, hending, objekt) treng ikkje alt av metadata å vera tilgjengeleg gjennom denne URI -en. Det er nok med eit minimalt sett av metadata i første omgang (sjå t.d. <https://ws.brreg.no/lod/data/985164193>). Metadata som blir returnert når URI en blir kalla er i RDF-format.

Krafta i utviklinga og utbreiinga av semantisk teknologi har auka til ein storleik som gjer det muleg å bruka teknologien i større skala.

Internasjonal utvikling og bruk av semantisk teknologi har auka frå år til år dei siste fem åra. Det finst no mange gode referansar og fleire prosjekt viser potensialet som ligg i teknologien. Internasjonale aktørar, som Europeana, har starta å jobba saman for å publisera, dela og aggregera digital kulturarv. Store globale aktørar som Library of Congress, British Government, BBC m.fl. viser veg og har utvikla mange interessante døme på bruk av semantisk teknologi.

På nasjonalt nivå er Popsenteret eit av dei få referanseprosjekta som brukar semantisk web-teknologi frå botnen av, så langt prosjektgruppa kjenner til. Utviklingsarbeidet for Popsenteret har alt gitt mange interessante erfaringar som fortener å formidlast vidare og som kan bidra med ny kunnskap til sektoren.

Fordelane er store, med reelle mulegheiter for kvalitetsheving og enklare integrasjon av distribuerte datakjelder

Datakjelder som blir publiserte på nett har ein tendens til å bli sett og brukte. Det er i seg sjølv ein grunn for vedlikehald og kvalitetskontroll. Dersom ein i tillegg tillet brukarane (både profesjonelle og amatørar) å bidra med kunnskap, blir ei datakjelde fort til ein autoritet (sjå t.d. Wikipedia og Freebase). Ein distribuert datamodell som integrerer slike kjelder med nasjonale kjelder har eit stort potensial og kan føra til mange kunnskapsrike og interessante opplevingar i ABM-sektoren.

Teknologien gjer det muleg for ABM-sektoren å utnytta dei rette ressursane på rett stad, og dela resultat av oppgåver ein er gode på med andre i sektoren som har behov for resultat.

Teknologien, og potensialet i den, gjer det lettare for ABM-aktørar å bidra til og dra nytte av internasjonale samarbeidsprosjekt og få inn nye midlar for å framskunda viktig digitalisering av kulturarv.

Korleis skal prosjektet gjennomførast?

Minst to ulike autoritetsregister skal konverterast til eit ope URI -register som inneheld norske offentlege personar i ulike rollar og stader. Det er fleire basar som skal konverterast; fotografar, (musikk-)artistar, hendingar (konsertar osv.) og stader. Prosjektet tek også sikte på ei evt. samanslåing med kunstnarbasen som er under etablering hjå ABM Utvikling.

Når autoritetsregister er etablert, skal innhald frå ulike databasar annotere sine data mot dette. Partnerane representerer tre ulike tekniske løysingar i botn: Oslobilder er basert på Primus, medan Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og Popsenteret har utvikla eigne løysingar.

Prosjektgruppen har tilgang til flere datakilder: Norsk fotografregister (PREUS/NB), Oslo Byarkiv sin fotobase, Popsenterets musikkbase, Fotobasen til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og diverse datakilder som leverer « sosial » data

(Underskog).

Ein applikasjon hos Popsenteret skal vise integrasjon av forskjellige datakilder som vert lagra distribuert og publiseres gjennom HTTP vha RDF/OWL og evt SPARQL endpoints.

Framdriftsplan

Framdriftsplan for heile prosjektperioden

Startdato 01.04.2011

Sluttdato 31.12.2011

Aktivitetplaner

Tittel	Frå dato	Til dato
--------	----------	----------

AP 1: Innsamling av erfaringar, planlegging	01.04.2011	01.07.2011
---	------------	------------

AP 2: Etablering og publisering av URI-register	01.07.2011	01.10.2011
---	------------	------------

AP 3: Publisering av metadata for utvalde kjelder	01.10.2010	31.12.2011
---	------------	------------

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan.

Leveransar: AP1: Video med tilhøyrande lysark/mediaressursar AP2: Publisert og ope tilgjengeleg URI-register AP3: elles ressursar, tilgjengelege gjennom URI-register, skal brukast og innarbeidast hjå ABM-partnarane.

Samarbeidspartnarar

Har du ein samarbeidspartnar? Ja

Samarbeidspartner 1

Namn	Popsenteret
Formell avtale?	Ja
Postadresse	Kulturetaten Olav Vs gate 4 Postboks 1453 Vika
Postnr / Poststad	0116 Oslo
Kontaktperson	Robert Engels
Tlf. til kontaktperson	99544481
E-post til kontaktperson	robert.engels@kul.oslo.kommune.no
Rolle	Innhaldsleverandør musikk

Samarbeidspartner 2

Namn	Oslo byarkiv
Formell avtale?	Ja
Postadresse	ulturetaten, Byarkivet, Postboks 1453 Vika
Postnr / Poststad	0116 Oslo
Kontaktperson	Lars Rogstad
Tlf. til kontaktperson	23460346
E-post til kontaktperson	lars.rogstad@kul.oslo.kommune.no
Rolle	Innhaldsleverandør, foto

Samarbeidspartner 3

Namn	Vestlandsforsking
Formell avtale?	Ja
Postadresse	P.b. 163
Postnr / Poststad	6851 Sogndal
Kontaktperson	Svein ØInes
Tlf. til kontaktperson	91739918
E-post til kontaktperson	sol@vestforsk.no
Rolle	Fagleg/teknisk ansvar

Samarbeidspartner 4

Namn	KulturIT
Formell avtale?	Ja
Postadresse	Maihaugvegen 1
Postnr / Poststad	2609 Lillehammer
Kontaktperson	Lewi Nordby
Tlf. til kontaktperson	90993000
E-post til kontaktperson	ewi.nordby@kulturit.no
Rolle	Teknisk partner

Samarbeidspartner 5

Namn	Origo/Underskog
Formell avtale?	Ja
Postadresse	Teglverksgata 2
Postnr / Poststad	0553 Oslo
Kontaktperson	Even Westvang
Tlf. til kontaktperson	90778974
E-post til kontaktperson	even@origo.no
Rolle	Teknisk partner

Prosjektbudsjett

Prosjekt

Eittårig eller fleirårig prosjekt? Eittårig

BUDSJETT FOR FØRSTE ÅR

Utgifter

Hva	Beskrivelse	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	Arbeid med AP 1-3	kr 700 000,00
Varer/utstyr	.	kr 0,00
Tjenester kjøpt av andre	konsulenttenester	kr 100 000,00
Andre utgifter (spesifiser)	.	kr 0,00
Totale utgifter		kr 800 000,00

Inntekter

Beskrivelse	Tilskudd bekreftet?	Sum
<u>Søknadssum ABM-utvikling</u>		<u>kr 400 000,00</u>
.	Nei	kr 0,00
Totale inntekter		kr 400 000,00

Kommentar til budsjett neste år

.

Vedlegg

Ingen vedlegg lasta opp